

ÅRSMELDING

2022



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokn

1 .0 INNLEIING OG GENERELT

Covid-19

Etter nedstengingar og restriksjonar frå 12. mars 2020, som følgje av koronapandemien, vart alle restriksjonar i samband med pandemien fjerna 12. februar. Etter eitt år og 11 månader kunne ein igjen tilpasse seg normal drift, som vi altså har hatt nær siste 10,5 månader av året.

Personale

Etter å ha hatt vakanse frå 15. august 2021, fekk ein omsider tilsett Sabina Baylarbayova som ny kantor frå 14. februar.

Bispevisitas

Dagane 23.-26. mai var biskop Halvor Nordhaug på visitas i soknet, og ein hadde eit tett og rikhaldig program med mange viktige møtepunkt. Det hadde då gått 14 år sidan førre visitas, som var ved Ole D Hagesæther i 2007.

Økonomi

Soknet hadde eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 231.208,- i drifta, og det er udekka kr 316.315,- i investeringsrekneskapan.

Investeringsprosjekt

Det har vore eit vesentleg høgare investeringsnivå kostnadmessig i 2022 samanlikna med føregåande år. I all vesentlighet har investeringskostandane i 2022 vore knytt til tilbygg og brannsikring på Vilnes kyrkje. Samla investeringskostnad utgjorde kr 4.890.802,- i 2022.

Oppstart av musikkdiakonalt prosjekt

I mai månad i samanfallande med bispevisitasen vart det musikkdiakonale/musikkterapeutiske prosjektet til soknet starta opp. Dette er knytt til Askvollheimen, og sidan slutten av mai har kantor nytta annankvar torsdag på Askvollheimen til prosjektarbeidet.

2.0 ORGANISASJON

2.1 Askvoll sokneråd

Askvoll sokneråd er det lokale kyrkjestyret for Askvoll sokn. Soknerådet har både sokneråds- og fellesrådsfunksjon. Som sokneråd har rådet ansvar for å nære det kristelege livet i soknet og som fellesråd skal rådet forvalte dei kyrkjelege eigedommane i soknet (kyrkjebygg og gravplassar), arbeidsgivaransvar for dei som er tilsett i lokalkyrkja, forvalte lokalkyrkja sin økonomi, vere gravplastyresmakt og ivareta soknet sine interesser overfor kommunen.

Valde medlemmer

Jostein Gryte (leiar)
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar)
Lillian Oddekalv Gjervik
Arnt Johny Langeland
Jarle Magnus Vilnes
Bjørn Arne Mjåseth
Ole Kistrup Vilnes
Terje Mork
Karen Anny Espedal
Solfrid Løvik Hellevang
1. vara Stine Solheim Rørvik
2. vara Ingvild Loftheim
3. vara Kari Larsen Stang
4. vara Stian Lykkebø

Kommunen sin representant

Kristin Yndestad Rivedal
Aud Kari Steinsland (personleg vara)

Geistleg representant

Kjell Olav Høstaker Nordheim
Knut-Magne Nesse (personleg vara)

Sekretær for rådet og dagleg leiar for verksemda


Rune Ziener

2.2 Kjønnsbalanse og likestilling i styrande organ

Soknerådet, som er det styrande organet er politisk valgt, og kjønnsamansetning (på minimum 40% representasjon skjer på vallistene. Det er imidlertid dei vala veljarane gjer som bestemmer den endelege kjønnsamansetjinga i rådet.

Det ligg ikkje føre begrensningar når det gjeld tilgang til eigne aktiviteter, verv eller stillingar som har samanheng med eitt eller fleire diskrimineringsgrunnlag eller segregerte aktivitetar eller tilbod.

Slik er kjønnsfordelinga i soknerådet:



2.3 Soknerådsmøte og soknemøte

I 2022 var det 9 soknerådsmøte (inkludert eitt møte med elektronisk handsaming), og det vart handsama 57 saker totalt (både sokneråds- og fellesrådsaker i møta).

Soknemøte/årsmøte med ordinære årsmøtesaker vart avhelde 26. april med 12. møtande medlemmer.

2.4 Utval og komitéar

Administrasjonsutval

Jostein Gryte (leiar) med Kristin Rivedal Yndestad som varamedlem
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar) med Terje Mork som varamedlem
Oddgunn K. Grane som representant for dei tilsette
Rune Ziener (sekretær)

Forhandlingsutval

Wenche Ness Gabrielsen (leiar) med Kristin Rivedal Yndestad som varamedlem
Jostein Gryte (nestleiar) med Terje Mork som varamedlem
Rune Ziener (sekretær)

Arbeidsutval

Jostein Gryte (leiar)
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar)
Kjell Olav Høstaker Nordheim
Rune Ziener (sekretær)

Kyrkjelydsutval

Askvoll	Vilnes	Holmedal
Ingvild Loftheim	Lillian Oddekalv Gjervik	Terje Mork
Oddgeir Askevold	Gunn Elin Sætre	Kari Berit Ness
Dagny Søvig	Esther Hugøy	Jorunn Bull
Arne Tjugum	Oddgunn K. Grane	Maren Linnea Mork
Liv Hushagen		Karen Espedal
Aud Frøholm		Ellen Marie Tveit

Kvammen	Bulandet
Marit Leknes Gryte	Arne Fedøy
Torbjørn Øglænd	Tone Nybø
Sigrid Lunde	Kathrin Sunde Rogne
	Magnar Hillersøy
	Synnøve Melvær
	Marit Veim Thistel
	Målfrid Hittun Fedøy

I Stongfjorden og Værlandet er det ikkje eige kyrkjelydsutval.

Trusoppføringsutval

Arnt Johny Langeland
Sigrid Lunde
Stine Solheim Rørvik
Karen Anny Espedal
Lillian Oddekalv Gjervik
Marit Veim Thistel
Guri Høstaker Nordheim (sekretær)

3.0 ADMINISTRASJON OG TILSETTE

Tilsette i soknet pr. 31.12.2021

Funksjon	Årsverk 2022	Årsverk 2021	Årsverk 2020	Årsverk 2019	Årsverk 2018	Årsverk 2017	Årsverk 2016
Kyrkjeleg administrasjon	1,5	1,5	1,5	1,8	1,8	1,8	1,7
Kyrkjer	0,8	0	0,7	0,7	0,7	0,7	1
Gravplassar	0,7	0,7	0,7	0,7	0,7	0,7	0,7
Anna kyrkjeleg verksemd	0,5	0,5	0,8	0	0	0	0,5
Sum fastlønn	<u>3,5</u>	<u>2,7</u>	<u>3,7</u>	<u>3,2</u>	<u>3,2</u>	<u>3,2</u>	<u>3,9</u>
Timetilsette	Ca 0,55	Ca 1,0	Ca 1,0	Ca 0,55	Ca 0,55	Ca 0,55	Ca 0,55
Sum årsverk inkl. timetilsette	<u>4,05</u>	<u>3,7</u>	<u>4,7</u>	<u>3,75</u>	<u>3,75</u>	<u>3,75</u>	<u>4,45</u>

Kyrkjekontoret held til i sentrum av Askvoll (i gamle heradsheimen), der ein disponerer 6 kontorplassar og møtelokale.

Askvoll sokneråd er medlem av Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA) og er omfatta av

KA sitt tariffområde.

Dei tilsette har pensjonsordning i KLP.

HMT-rapport 2022 (2021-tal i parentes)

HMT-årsrapport	Kartlagt/avdekket avvik	Lukking/plan for lukking av avvik
Sjuefråver relatert til arbeidsmiljøet	0	-
Avviksmeldingar	2 (0)	1 (0)
Skademeldingar	0	-
Vernerunderapport	-	-
Tilstandsrapport – psykososial kartlegging	-	-
Sjuefråversprosent		16,21% (9,3%)


Sjuefråveret var betydeleg høgre i 2022, samanlikna med 2021, og den høge fråversprosenten er i stor grad knytt til langtidssjukmeldingar. Talet dagsverk med sjukmelding/eigenmelding var 150,16. Merknad til HMT-rapporten: I 2022 har ein ikkje klart å følge opp gjeldande HMT-plan for verksemda.

Kjønnsbalanse og likestilling

Det er ikkje iverksett særskilte tiltak for å jamne ut kjønnsamansetjinga i staben, då ein aldri har registrert noko problematisk i høve kjønnsamansetjinga.

Det ligg heller ikkje føre begrensninger når det gjeld tilgang styrande organ eller verv, som har samanheng med eitt eller fleire diskrimineringsgrunnlag eller segregerte aktivitetar eller tilbod.

Diagrammet under er basert på innrapportert lønns- og personalstatistikk til KA pr. 1. desember 2022.



4.0 KYRKJELEG VERKSEMD

4.1 Gudstenester og kyrkjelege handlingar. Statistikk

4.1.1 Gudstenester

Kyrkje	Tal gudstenester					Tal deltakarar					Tal deltakarar pr. gudsteneste				
	2022	2021	2020	2019	snitt	2022	2021	2020	2019	snitt	2022	2021	2020	2019	snitt
Askvoll	32	29	28	22	28	2182	1154	1255	1672	1566	68	40	45	76	54
Vilnes	12	13	13	14	13	541	389	393	738	515	45	30	30	53	38
Holmedal	17	18	13	15	16	894	840	427	915	769	53	47	33	61	47
Kvammen	14	14	16	12	14	568	597	439	737	585	41	43	27	61	44
Stongfj	2	1	1	2	2	52	15	18	75	40	26	15	18	38	24
Værlande	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	NA	NA	NA	NA	NA
Bulandet	13	14	12	11	13	622	463	412	723	555	48	33	34	66	44
Sum/snitt	90	89	83	76	85	4859	3458	2944	4860	4030	47	35	31	59	43

Inkludert i tal gudstenester er nattverdsgudstenester, dåpsgudstenester, skule- og barnehagegudstenester, friluftsgudstenester innan krinsen og ikkje forordna gudstenester.

Skulegudstenester:

I Kvammen og Askvoll var det skulegudsteneste til jul, og det var skulegudsteneste i Askvoll i mai i tillegg. Til saman var det 414 deltakarar på desse.

Andakter/nattverdsgudstenester på Askvollheimen:

Det har vore 52 andakter/musikkandakter konsertar på Askvollheimen med totalt 834 deltakarar. Desse tala er ikkje med i statistikken ovanfor.

Nattverdsgjester (i gudstenestene):

	2022	2021	2020	2019	snitt
Askvoll	331	137	104	294	217
Vilnes	39	31	22	108	50
Holmedal	120	60	79	140	100
Kvammen	92	60	59	82	73
Stongfjorder	0	0	0	0	0
Værlandet	0	0	0	0	0
Bulandet	115	90	90	247	136
Snitt pr. år	697	378	354	871	575

4.1.2 Kyrkjelege handlingar

Kyrkje/kapell	Døypte					Konfirmerte				
	2022	2021	2020	2019	snitt	2022	2021	2020	2019	snitt
Askvoll	11	8	6	9	9	10	7	5	5	7
Vilnes	2	2	4	4	3	6	3	8	5	6
Holmedal	6	8	2	10	7	7	8	5	4	6
Kvammen	3	3	3	4	3	4	7	3	6	5
Stongfjorden	0	0	0	1	0	0	0	1	3	1
Værlandet	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Bulandet	5	4	1	6	4	4	1	7	2	4
Sum	27	25	16	34	26	31	26	29	25	28

Kyrkje/kapell	Vigde					Gravlagde*				
	2022	2021	2020	2019	snitt	2022	2021	2020	2019	snitt
Askvoll	2	1	0	4	2	17	16	13	10	14
Vilnes	1	1	1	1	1	3	6	5	6	5
Holmedal	1	0	0	1	1	10	7	5	8	8
Kvammen	0	0	2	0	1	1	5	5	2	3
Stongfjorden	0	0	0	0	0	3	3	4	3	3
Værlandet	0	0	0	0	0	3	1	3	1	2
Bulandet	1	2	1	0	1	3	2	1	2	2
Sum	5	4	4	6	5	40	40	36	32	37

*Gjeld kyrkjeleg gravferdsseremoni eller bisetjing.

4.2 Trusopplæring

Oversikt over trusopplæringstiltak som er gjennomført i soknet i 2022

Alder	Tiltak	Tal samvær	Omfang i timer
0	Dåpssamtale/dåp	2	3
0-1	Babysang	16	32
2-3	Krøllesamling	1	1
4-6	Kirkerotteteater	1	1
4-6	Sprell levande hausttakkefest med utdelingar	1	1
4-6	Undringstime	1	1
7	Engleverkstad og lysmesse	2	2
10	Påskefest med påskevandring	1	2
11	Utdeling av Bibel	1	1
11-12	Lys Vaken	1	6
13	Middag og misjon	1	3
15	Konfirmasjon	23	60
15	Z – etter konfirmasjonstida	4	12
16	Konfirmant-reunion 1	1	2

Oversikt over tal deltakrar per tiltak og oppslutnad i høve til målgruppa (årskulla i soknet)

Tiltak	Tal deltakrar	Tal i målgruppa	Deltaking i prosent
Dåpssamtale/dåp	16	19	84%
Babysang	16	19	84%
Krøllesamling	15	15	100%
Undringstime 4-6 år	25	72	35%
Kirkerotteteater	32	72	44%
Sprell levande	42	72	58%
Undringstime 6 år	25	72	35%
Engleverkstad og Lysmesse	16	33	48%
Påskefest med påskevandring*	-	-	-
Utdeling av Bibel 11 år	27	35	77%
Lys Vaken 11 år	12	35	34%
Lys Vaken 12 år	3	17	18%
Middag og misjon	24	39	62%
Konfirmasjon	29	29	100%
Z – etter konfirmasjonstida**	5	29	17%
Konfirmant-reunion 1	8	25	32%

*Planlagt påskefest avlyst grunna sjukdom

**Grunna låg påmelding vart dette erstatta av «Vegkryss» i samarbeid med bispedømmerrådet og KFUK/KFUM

4.3 Kyrkjemusikk

Soknet arrangerte tre kyrkjekonsertar i eigen regi i 2022. I tillegg var det gjennomført éin kyrkjekonsert i Holmedal av ekstern arrangør.

4.4 Diakoni

Framleis har ein ikkje fått etablert eit diakoniutval i soknet, og ein har heller ikkje nokon vedteke diakoniplan. Imidlertid har ein komme i gang i 2022 med det nye musikkdiakonale prosjektet knytt til Askvollheimen. I prosjektet, som er finansiert av bispedømmet og kommunen, nyttar ein ein 10% stillingsressurs for kantor. Bispedømmet ser på dette prosjektet som nyskapande, og det ligg i skjæringspunktet mellom diakoni og kultur.

Kantor oppsummerer første driftsår slik:

«Musikkstunder (musikkdiakoni, musikkandakter) er nytt prosjekt. Det var 9 samlinger fra mai 2022 til slutten av desember 2022. 24. mai var det offisiell åpning ved biskopen på Askvollheimen. Og fra juni var det 1 eller 2 samlinger per måned. Pga. det var ny form for andakter og diakonal musikkterapi, måtte jeg finne en egen måte å gjennomføre dette. Plutselig ble det veldig populært og aktuelt, og mange på Askvollheimen som kommer til disse musikkstundene vil gjerne høyre sangene, salmene eller musikk som de er glad i. På noen stunder fikk folk lov å bestemme hva skal jeg spille. Også inviterer jeg andre musikere for å delta på samlinger.»

4.5 Misjon

Soknerådet har misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap og støttar prosjektet *Barn og unge i Thailand*. Totalt innsamla kyrkjeoffer til kyrkjelydens misjonsprosjekt var kr 10.294,- fordelt på 5 gudstenester.

4.6 Profilerings og kommunikasjon

Kyrkjeblad

I 2022 fekk ein berre gitt ut 2 nummer av kyrkjebladet for Askvoll (altså eit færre enn målet). Finansiering av trykkinga skjer ved frivilleg bladkontingent, annonser, kyrkjeofringar og gåver. I 2022 hadde ein eit underskot på kr 6.044,- for kyrkjebladet.

Heimesider

Frå mars 2014 fekk ein etablert eigne heimesider for soknet. Heimesidene er tenkt å vere den grunnleggjande informasjonsbasen, der publikum kan søkje opp relevant informasjon om soknet si verksemd.

Facebookprofil

I 2014 fekk ein også sett opp ei eiga Facebook-side for soknet. Funksjonen for Facebook-sida er primært annonserande og marknadsførande, samt at ein lenker til oppdateringar på heimesida. Kyrkja i Askvoll har 684 følgjarar (pr. april 2023), opp frå 609 frå året før.

5.0 ØKONOMI

5.1 Driftsrekneskapen

Askvoll sokn hadde i 2021 eit meirforbruk på kr 304.255,-.

Nøkkeltal

	Rekneskap 2022	Rev. budsjett	Rekneskap 2021
Driftsinntekter	5401574	5135200	5224090
Driftsutgifter	5928258	5519300	4939428
Brutto driftsresultat	-526684	-384100	284662
Netto finansinntekter	2216	100	2
Netto driftsresultat	-524468	-384000	284663
Bruk av avsetninger	390063	431872	192726
Avsetninger	96903	47872	413517
Rekneskapsmessig meirforbruk	-231308	0	63872

Generell kommentar til rekneskapen:


Samla driftsinntekter i 2022 er kr 177.483,- høgare enn i 2021. Hovudårsaker til oppgangen (trass at soknet mottok ekstraordinært tilskot frå bispedømmerådet til musikkdiakonalt prosjekt på kr 300.000,- i 2021) er:

- Kraftig oppgang i kyrkjeofringar/inntekt til Fasteaksjonen med meir enn kr 150.000,- etter svært låge tal i pandemiåra.
- Tilskot frå kommunen var opp kr 121.765,- (inkludert tilskot til musikkdiakonalt prosjekt på kr 36.533,-).
- Inntekter for festeavgift låg betydeleg høgare i 2022 enn i 2021. Auken var kr 58.090,-
- Kompensert MVA låg kr 92.701,- høgare enn for 2021.

Samla driftsutgifter er opp heile kr 988.829,- samanlikna med 2021,-


- Totalt til lønn og sosiale utgifter er auken på kr 265.606,- frå 2021.
- Når det gjeld vare- og tenestekjøp er det ein auke på kr 89.992,- berre i straumkostnad.
- Samla er vare- og tenestekjøp opp kr 458.400,-
- Overføring av offer og innsamla midlar auka med kr 119.139,-

Driftsinntekter, driftsutgifter og kommunal rammeløyving 2010-2022




Pensjonsutgifter

Premien som er belasta i 2022 var kr 64.237,- lågare enn i 2021 men overføring frå premiefondet var kr 112.903,- høgare enn i 2021. Inkludert overføringar frå fondet var total pensjonskostnad kr 433.832,-.



Festeavgifter

Inntekt for festeavgifter var kr 275.965,- i 2022, som er kr 58.090,- meir enn i 2021. Auken skuldast eit høgre tal festeutløp samanlikna med førre år.



Kommentar til kvar teneste

04100 – Kyrkjeleg administrasjon

Her var eit mindreforbruk i forhold til budsjett på kr 9.976,-. Ingen spesielle avvik.

04200 – Kyrkjer

Avvik på tenesta med eit meirforbruk på kr 267.781,-.

Her var eit meirforbruk på kr 83.265,- på lønn og sosiale utgifter.

Vidare var det eit meirforbruk på budsjettpost for kjøp av råvarer, materiell og tenester (inkludert her er innleige av organistar og kyrkjetenarar) på kr 62.698,-.

Kostnad til straum i 2022 utgjorde kr 99.108,- over budsjettet.

04300 – Gravplassar

Eit mindreforbruk på tenesta på kr 61.960,-.

Utgifter til lønn og sosiale kostnader låg på kr 32.365,- under budsjettet.

Her kom også inn kr 16.965,- meir enn budsjettet i festeavgifter, og ein fekk inn ikkje-budsjettert sjukelønsrefusjon på kr 38.272,-.

04400 – Anna kyrkjeleg verksemd

Tenesta gjekk i balanse etter finansiering på kr 31.965,- med bruk av ulike bunde fond for kyrkjelydsarbeid.

04420 – Trusopplæring

Teneste gjekk med underskot på kr 230.056,- i 2022. Heile resterande del av trusopplæringsfondet er brukt opp for delinndekking av underskotet med kr 172.486,- og ein står att med eit meirforbruk på kr 57.870,-.

04479 – Kyrkjeblad

I 2022 gjekk kyrkjebladet med eit underskot på kr 18.589,-. Av dette er kr 12.54,- dekkja inn med bruk av bunde fond til kyrkjebladet, og resterande kr 6.044,- står udekka som meirforbruk.

Ein fekk berre gitt ut to nummer av kyrkjebladet dette året.

5.2 Investeringsrekneskapan


Samla investeringar soknet i 2022 var på kr 4.890.802,-.

I all hovudsak dreier dette seg om investeringar i tilbygg og brannsikring til Vilnes kyrkje.


Her ligg og utgift inne til prosjektering av rehabiliteringsarbeidet på Holmedal kyrkje, samt pensjonsinnskott.

Finansieringa av dette fordelast slik:

Refusjonar (meirverdiavgiftskompensasjon)	Kr 704.004,-
Tilskot til investeringar	Kr 2.100.000,-
Overført frå drift	Kr 0,-
Bruk av avsetningar	Kr 1.770.483,-
<i>Sum finansiering</i>	<i>Kr 4.574.487,-</i>
<i>Udekka/udisponert</i>	<i>-316.315,-</i>



Diagrammet nedanfor viser investeringane fire siste åra fordelt på prosjekt. Tala er inkludert meirverdiavgift.




5.3 Balanserekneskapen


	2022	2021	Endring
Bunde fond driftsfond	1 758 710	1 965 186	-206 476
Disposisjonsfond	10 349	10 349	0
Ubunde investeringsfond	0	1 183 686	-1 183 686
Bunde investeringsfond	0	0	-249 686
Rekneskapsmessig meir- /mindreforbruk	-304 255	63 872	-368 727
Unytta/udekka i investeringsrekneskapen	-316 315	573 215	-889 530
Total	<u>1 148 489</u>	<u>3 796 308</u>	<u>-2 647 819</u>

Gjennom rekneskapsåret 2022 har det vore ein nedgang i summen av fondsmidlar og meir-/mindreforbruk på kr 2.647.819,-.


Avsetningar og unnytta midlar 2011-2022



Bunde fond (sokneråd) pr. 31.12.



Bunde fond (fellesrådsmidler) pr. 31.12.



6.0 FRAMBLIKK 2023-

- **Kyrkje og gudstenesteliv**
 - *arbeide målretta for å fylle kyrkjene (t.d. med «Kyrkjedagane»)*
 - *arbeide for eit rikt og variert gudstenesteliv og øvrig kyrkjeliv*
- **Trusopplæring**
 - *etablere ei fast givarteneste for å sikre tilstrekkeleg finansiering av trusopplæringa i Askvoll*
- **Nytt musikkdiakonalt prosjekt**
 - *etablere prosjektplan, oppfylle og vidareutvikle denne*
- **Økonomi**
 - *sikre balansert driftsøkonomi for soknet i ei tid med nedskjeringar i kommunal rammeløyving*
- **Vedlikehalds- og investeringsprosjekt**
 - *auke gjennomføringsgrad og -hastighet*
- **Styrkje det strategiske arbeidet**
 - *visjonsformuleringar og målstyring*
 - *fokus på planarbeid, særleg for diakoni og kyrkjemusikk*
- **Gravplassforvaltning**
 - *arbeide vidare for å komme meir ajour med festeavtalar*
 - *finne løysingar for betre gravplassvedlikehald*

Tilsette og HMT-arbeid for verksemda og arbeidsmiljø implementere HMT-systemet

- *halde fram med gjennomgang av stillingsinstruksar*
- *satse på kompetanse- og personalutvikling*
- *implementere samordningsavtale med bispedømmerådet om HMT-arbeidet saman med prostiet*

Kyrkjevalet 2023

- *gjennomføre valet med god valdeltaking*

22.04.2023

Rune Ziener